

# BACHELOROPPGÅVE

## Levekår på asylmottak for einslege mindreårige asylsøkarar

Korleis påverkar levekår einslege mindreårige asylsøkarar som bur på mottak?

av

Benedikte Eide Ljøen  
Kandidat nr. 230

Sosialt Arbeid  
BSV5-300  
Mai 2013

## Innhold

1. Innleiing:.....	3
1.1 Val av problemstilling: .....	3
1.2 Avgrensing og presisering av omgrep.....	4
1.2.1 Levekår.....	4
1.2.2 Einslege mindreårige asylsøkarar.....	5
1.2.3 Asylmottak .....	5
1.3 Oppbygging av oppgåva .....	5
2. Metode .....	6
2.1 Val av litteraturstudie.....	6
2.2 Kjeldesøk .....	7
2.3 Val av litteratur: .....	7
2.3.1 Val av teoriar .....	7
2.3.2 Val av rapportar .....	8
2.4 Førhåndskunnskap .....	9
3. Teori: .....	9
3.1 Levekår - sosialt nettverk og bustad.....	9
3.2 Migrasjonsprosessen: .....	10
3.3 Sosialt nettverk .....	11
3.3.1 Bronfenbrenners sosialøkologiske utviklingsmodell.....	12
3.4 Buforhold .....	13
3.5 Politiske dokument.....	14
4. Analyse .....	15
4.1 Analysereiskapar .....	15
4.2 Den lange reisa.....	15
4.3 Drift av asylmottak .....	16
4.4 Å bu på asylmottak .....	16
4.4.1 Rommet med draumar og tryggleik – men kor lenge? .....	17
4.5 Heim eller ein stad å være? .....	17
4.6 Sosialt nettverk på asylmottak .....	19
4.6.1 ”Jeg savner mamma” .....	19
4.6.2 Styrking av sosialt nettverk .....	20
4.7 Blir det betre?.....	21
4.8 Korleis påverkar systemet kvardagen?.....	22
5. Oppsummering .....	23
6. Litteraturlise: .....	25
Vedlegg .....	29
1 Søkelogg.....	29

## **1 Innleiing:**

I 2012 kom det 9785 asylsøkarar til Noreg. Av desse var 964 einslege mindreårige asylsøkarar flesteparten av desse var gutar frå Afghanistan og Somalia (UDI, 2012)

I Utlendingsdirektoratet sine reglement for drift av asylmottak står det at ”mottaksapparatet skal utgjøre et nøkternt og forsvarlig innkvarteringstilbud, med tilknyttede midler til livsopphold. Det skal bidra til at beboerne kan ivareta egen livssituasjon, og skal vere et mest mulig normalt bosted for personer i en unormal livssituasjon” (Udiregelverk, 2011).

Det finns kunnskap om korleis buforhold kan påverke helse, både psykisk og fysisk i prosjektrapporten Bolignormer, helse og velferd (Hansen, 2007). Også ein rapport som er utgitt av helsedirektoratet ”Bolig, helse og sosial ulikhet” (Grønningsæter og Nielsen, 2011) er med på å belyse same problemstilling og begge rapportane visar til forskning som er gjort av World Health Organisation (WHO).

Det finns mindre kunnskap direkte om korleis bustad og sosialt nettverk påverkar einslege mindreårige asylsøkarar som bur på mottak fram til dei får svar på asylsøknaden. Dette er eit tema som er viktig å ha meir kunnskap på. Denne gruppa har ofte med seg fleire belastningar, både fysiske og psykiske, då desse har flykta langt og ofte frå krig og politisk uro. Det eg ser på som interessant er den subjektive opplevinga av korleis ein opplev å bu på mottak, men òg spesielt på korleis buforhold, tap av og oppbygging av sosialt nettverk kan vere med på å påverke einslege mindreårige asylsøkarar.

### **1.1 Val av problemstilling:**

Min forkunnskap om forhold på asylmottak i Noreg vekte ei interesse for om levekår kan påverke asylsøkande som bur i mottak, og korleis det kan vere ein ekstra stressfaktor saman med traumar og opplevingane dei har med seg frå heimlandet og migrasjonen. Gjennom undervisning i levekår og korleis dette er med på å påverke individ og samfunn, begynte eg å sjå samanhengar mellom strukturar i samfunnet og korleis dette kan påverke svakare gruppe som ikkje har same ressursar i det norske samfunnet.

I forhold til profesjonen er dette eit felt som er relativt nytt og som det stadig kjem meir forskning på og som det trengs meir fokus på inn i undervisninga, spesielt i sosialfaglege studieretningar. Som sosialarbeidar skal vi jobbe med menneske i utsette situasjonar, og i eit samfunn som blir meir og meir fleirkulturelt er det nødvendig at vi sit med god kunnskap i kulturkompetanse, sett saman med dei rammene som individ lever i, i der samfunnet som vi har i dag. Dette både for å kunne gi gode og tilbod til å forbetre både dei psykiske og fysiske utfordringane gjennom oppbygging av nettverk og tilpassing av bustadane for einslege mindreårige. Sosialarbeidarar har moglegheit både til å hjelpe menneska i den aktuelle situasjonen og til å kunne påverke politiske beslutningar til å forbetre det tilbodet som allereie ligg til grunn.

Formålet med oppgåva er å få meir kunnskap om korleis levekår kan påverke einslege mindreårige asylsøkarar i mottak. Dette er ei gruppe i samfunnet som har låg status, og det er viktig både å kunne utvikle forskingsbasert kunnskap og kunnskap om kva som trengs for å gjer kvardagane lettare. I analysen vil eg drøfte dette.

Eg har valt å avgrense oppgåva til å ha eit fokus på einslege mindreårige mellom 15 og 18 år, og har defor formulert problemstillinga mi slik:

*Korleis påverkar levekår einslege mindreårige asylsøkarar som bur på asylmottak?*

## **1.2 Avgrensing og presisering av omgrep**

### **1.2.1 Levekår**

”Levekår forankres i et samspill av økonomiske, sosiale og individuelle ressurser, som igjen spiller sammen med samfunnsmessige forhold” (Frønes og Strømme, 2010. s 18). Frønes og Strømme (2010) har brukt Alltards bok ”Att ha, att älska, att vära: om välfärd i Norden (1975) sine tre hovudområde for levekår; materielle føresetnadar, dei sosiale relasjonane, som naboar, familie og vennar og vørndnad, politisk fridom, sosial/politisk deltaking/medborgarskap. Ved å dele opp levekår på denne måten blir det sett i samanheng med totalitet av ressursar og utviklingsmoglegheit. Ein ser ikkje levekår kvar for seg men som eit forhold mellom menneske og omgjevnadane. Dei som har mindre ressursar, vil i større grad ha behov for støtte og rettigheit for å kunne realisere egne ønske og potensial (Frønes og Strømme, 2010. s. 15).

For barn er ikkje levekår likestilt med vaksne sine behov. Barn har til dømes ikkje bekymringar om helse og økonomi på lik linje, og lever parallelt med dei vaksne i andre livsfasar. Barn blir påverka av at foreldre eller omgjevnadane ikkje har dei rette ressursane, noko som gijen kan påverke utvikling og sosialisering, og få konsekvensar på kort og lang sikt. Frønes og Strømme (2010) skriv at ein levekårsdimensjon for barn, òg er behovet for å kunne utvikle seg gjennom handling og erfaring.

### **1.2.2 Einslege mindreårige asylsøkarar**

Einslege mindreårige asylsøkarar (EMA) er ”barn og unge under 18 år som kommer til Norge for å søke asyl utan å ha følgje av foreldre eller andre som utøver foreldreansvar for dem (UDI, 2003). Ein asylsøkar er ein som søker beskyttelse frå heimlandet (Regjeringa, 2009). Barn under 15 år er lagt under ansvar frå barnevernet og Barne-, ungdoms og familieetaten (Bufetat), medan utlendingsdirektoratet (UDI) har ansvaret for ungdommane mellom 15-18 år. UDI har ansvar for alle mottak i Noreg og blant anna behandling av asyl, familieinnvandring, arbeids- og studieløyve. Det er den sentrale etaten i utlendingsforvaltninga, og har ansvaret for den innvandrings- og flyktningspolitikken som regjeringa utsett (UDI, 2013). Bufetat skal bistå barneverntjenesta i saker som gjeld plassering av barn utanfor heimen, og er ein statleg instans som også har ansvaret for etablering og drift av institusjonar som blir nytta etter barnevern loven dette er bestemt etter barnevernloven (1992) § 2-3.

### **1.2.3 Asylmottak**

Asylmottak er eit frivillig tilbod. Ein oppheld seg her i påvente om ein får opphaldstillating. I første omgang bur ein på transittmottak til ein har gjennomført asylintervju og helseundersøking, før ein blir overført til ordinære asylmottak som er plassert rundt om i Noreg. Her får ein tilbod om norskundervisning og deltaking i frivillige aktivitetar. Kva tilbod som blir gitt er forskjellig i frå asylmottak for vaksne og vaksne med familie, og for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkarar. Dette fordi dei har egne regelverk på oppfølging og omsorg etter UDI's regelverk (UDI, u.å).

## **1.3 Oppbygging av oppgåva**

Til no har eg definert dei mest sentrale omgrepa eg har i problemstillinga, slik at min definisjon av omgrepa bli brukt rett i forhold til tekst og samanheng. Den neste delen vil presentere kva metode eg har valt å bruke. Vidare vil eg presentere relevant teori eg har funne på kunnskapsfeltet. Teorien vil omhandle sosialt nettverk og bustadmiljø, men òg korleis

migrasjonsprosessen til einslege mindreårige asylsøkarar kan vere før dei kjem til sitt opphaldsland, for å få forståing for kva bagasje dei kan ha når dei kjem til landet.

Tilslutt vil eg drøfte og avslutte med ein konklusjon ut i frå den kunnskapen eg har tilegna meg. Her vil eg drøfte teori om sosialt nettverk og bustadmiljø, og korleis dette kan vere med på å påverke den gruppa som bur over lang tid på asylmottak.

## **2. Metode**

For å belyse problemstillinga og korleis eg vil gå fram for å finne relevant litteratur og forskning, har eg satt meg inn i forskjellige metodar som er relevant å ta i bruk. Eg vil kort skrive om korleis eg har arbeidd fram mot litteraturen eg har valt å bruke og belyse kva eigen forhåndsforståelse kan seie for oppgåveskriving og korleis ein tolkar tekstar ein les.

### **2.1 Val av litteraturstudie**

Litteraturstudie er og ei form for kvalitativ metode, då kvalitative metodar ofte handlar om å samle inn data gjennom ord og forteljingar (Jacobsen, 2003. s. 106).

Grunnlaget for at eg valde eit litteraturstudie er fordi eg vil belyse problemstillinga mi ut i frå den kunnskapen og forskinga som allereie er gjort på feltet. Ved å anvende litteratur som har kome frå sentrale forskarar på feltet, kan dette belyse problemstillinga på ein fagleg interessant måte. Då eg såg på litteraturstudie, var utfordringa å finne stoff som omhandla levekår på asylmottak. Mesteparten av litteraturen og forskinga som er gjort gå meir konkret på psykiskhelsearbeid i mottak og ikkje om levekår.

Det finnes mykje litteratur på levekårsvariablar elles i samfunnet som har vist seg å ha innverknad på folkets psykiske og fysiske helse. Det å kunne bruke informasjon og forskning på levekår retta inn mot korleis dette påverkar EMA i mottak er noko eg ville sjå nærmare på. Med å gjer det vil eg og komme fram til kva kunnskapsstatus som er på området (Jacobsen, 2003. s. 54).

Det ein må vere merksam på i litteraturstudie, er når dette er forska på, kven som har gjennomført studien, kva formål det hadde og kvar det er publisert (Tjora, 2010. s. 163 og Jacobsen, 2003). Om undersøkinga er gjort på oppdrag for andre institusjonar, kan det vere nyttig å orientere seg om desse organisasjonane for å forsikre seg om validiteten til det som er skrive, og kven undersøkinga var meint for (Jacobsen, 2003. s. 121).

## 2.2 Kjeldesøk

I arbeidet med å finne fram til kjelder som har vore relevant for oppgåva mi har eg aktivt brukt biblioteket, engelske og norske søkemotorar. Av søkemotorar har det vore ”Idunn” eg har brukt mest når eg søkte etter norske artiklar, men her har det vore ei utfordring å finne artiklar eg kunne nytte. Eg har og nytta bibliotekets ”Bibsys” til å finne faglitteratur og rapportar. Av engelske søkemotorar har eg brukt ”ScienceDirect”, ”PubMed” og både ”google scholar” og ”google.no”.

Eit utval av søkeord eg har brukt i prosessen er ”unaccompanied minor”, ”unaccompanied refugee minors”, ”living-condition”, ”nutrition” og ”asylum seeker”, ”asylsøker”, ”levkår”, ”enslige mindreårige asylsøkere”, ”boforhold”, ”sosialt nettverk”, ”helse”, ”bustad”, ”health”, og ”housing”. Eg har og brukt litteraturlister som har vore til aktuelle artiklar, bøker og master- og doktorgradsoppgåver.

## 2.3 Val av litteratur:

Det er variasjon mellom primær- og sekundærkjelder eg har kome fram til. Forskjellen på primær- og sekundærkjelder, er at primærdata er hente rett frå kjelda. Det er eigen innsamla empiri som ikkje er brukt av andre enn forskaren sjølv, med sekundærdata er samla inn av andre. Ved sistnemnde bør ein vere oppmerksom på at den informasjonen som blir nytta kanskje ikkje er slik den opphavelig var, avhengig av kva hensikt forfattern har hatt med litteraturen og kva truverd som ligg til grunn (Jacobsen, 2003. s 108). Med primærdata har ein dermed meir oversikt over kva forhold som kan ha påverka pålitelegheita av data som er samla inn.

### 2.3.1 Val av teoriar

For å finne litteratur som omhandla levekår, har eg brukt Halvorsen (2002) som vi har hatt på pensum og Fyhn og Dahl (2000). Sjølv om sistnemnde er frå år 2000, har eg vald å bruke den fordi blant anna regjeringa og andre artiklar referera til denne boka.

Teori på bustad har eg brukt Brodtkorb og Rugkåsa (2007) si bok *Under tak – mellom veggar*. Denne tek utgangspunkt i bustadens betyding i velferdsstaten, og kva forhold som har betyding for menneske sin busituasjon.

Cecilie Øien (2010) har skrivne om migrasjonsprosessen retta mot barn, noko som er relevant teori for å kunne få ei forståing for kva dei tidlegare har vore igjennom før dei blir busett på

asylmottak. Berit Berg (2010) sin doktoravhandling *Eksilets stoppesteder* har eg og nytta, saman med Skytte (2010) *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*.

Til å kunne forstå verdien av sosialt nettverk har eg brukt Fyrand (2010), Bø (1990) og Bø og Schiefloe (2007).

### 2.3.2 Val av rapportar

Eg har valt å tatt utgangspunkt i boka ”Levekår i mottak for enslige mindreårige asylsøkere av Liden og Eide et al. (2013) gjennomgåande. Denne er skriva på oppdrag frå UDI der ein kartlegg og drøftar levekår på mottak for mindreårige mellom 15 og 18 år. Gjennomføring av rapporten blei gjort med intervju av mottaktilsette og fotostøttande intervju med ungdommane. Eg vel å bruke den fordi har same fokus som teksten eg skriv, og den er den nyaste forskinga på feltet.

Lauritsen og Berg (1999) si bok *Mellom håp og lengsel – å leve i asylmottak*, er og rapport som er bestilt blant anna frå UDI. Denne går både på vaksne og barn, men intervjuar om same emne som Lidèn et al. (2013).

Kjærnsrød (2010) har skriva ei masteroppgåve om korleis einslege mindreårige asylsøkarar opplever å leve i asylmottak, der ho har samla inn empiri frå seks einslege mindreårige, i tillegg til dei som jobbar på mottaket. Sjølv om utvalet ikkje er stort, og forskingsverdien ikkje er like høg som ein artikkel har eg brukt delar av denne i arbeidet med drøftinga av den subjektive opplevinga av bustad og sosialt nettverk, den er òg relevant fordi den speglar norske forhold.

Eg har valt å ta utgangspunkt i rapportar som er gjort på feltet i Noreg, fordi dette har mest relevans for val av problemstilling og korleis eg vil belyse dette. Framgangen i desse rapportane er bildetaking og intervju av einslege mindreårige og asylsøkarar, noko som gjer at det subjektive perspektivet på levekår og sosialt nettverk kjem fram gjennom sitat, slik at eg ikkje alltid vil benytte meg av tolkinga til forfattarane av rapporten. Det er ikkje fagfelleurdert forskning eg brukar i analysen, men relevansen til oppgåva er stor, og gjennom analysen med teori som eg har valt å bruke, kan eg belyse funn i forhold til teorien.



## 2.4 Førhåndskunnskap

Kva kunnskap ein har på førehånd kan bli sett i forhold til objektivitet og subjektivitet i funn. Ein forskar skal vere verdinøytral i si forsking, men dette kan vere vanskeleg å oppnå. Ein vil alltid ver prega av kva kunnskap ein har på forhand, det er viktig å kunne vere bevisst desse tankane, slik ein kan unngå at dette vil ha eit preg over den forskinga eller oppgåva ein skriv.

Eg ser at mi førhåndskunnskap, med at eg har hatt praksis på asyl og flyktningfeltet, kan ha påverknad på oppgåva eg skriv, og eg meiner at arbeidet som er gjort på asylfeltet for EMA må forberast, og at buforhald, økonomi, helse og sosialt nettverk er grunnleggande komponentar i alle liv, som trengst informasjon om og tilrettelegging slik at EMA kan få eit godt tilbud i ventetida. På bakgrunn av dette må eg vere bevisst dei haldningane eg har til temaet og korleis det kan påverke mitt syn, og korleis eg tolkar det fagstoffet og forskinga eg skal bruke i teksten.

## 3. Teori:

Teorien eg har valt til å belyse problemstillinga, og til å få ei forståing av temaet vil eg presentere her. Eg vil presentere variablane som er viktige i forhold til problemstillinga. Migrasjonsprosessen er viktig for å få ei forståing av prosessen før einslege mindreårige kjem til Noreg, og med sosialt nettverk og bustad vil eg vis kva trivsel og tryggleik har for betydning for enkeltmenneske. Eg har valt å ta utgangspunkt i Bronnfenbrennes utviklingsøkologiske modell til å forstå mi problemstilling, fordi han viser korleis system som er rundt oss er med på å påverke oss som menneske, både det sosiale og miljøet som vi til ei kvar tid er i. Inge Bø (1993) bekrefter også dette, og viser til faktorane sosialisering og trivsel, både fysisk og sosialt for at ein skal trivast.

### 3.1 Levekår - sosialt nettverk og bustad

Det gode liv ”er det som oppfattes som det gode live i den kulturen vi lever i” (Tøssebro (1992) i Lauritsen og Berg, 1999).

Levekårsvariablar opptrer ikkje kvar for seg. Ofte ser ein samanhengar mellom dei forskjellige komponentane, og at dei er med å påverke kvarande er vist til både i Halvorsen (2002) og Fyhn og Dahl (2000). Levekår blir og sett i forhold til den subjektive følelsen av velvere, ein ser seg sjølv i forhold til andre i samfunnet.

Halvorsen (2002) skriv at bustad og bustadmiljø har stor betydning for barn og unge sine oppvekstvilkår og at dårlege buforhold kan lede til sosial isolasjon og at velferda til enkelt personar eller grupper kan bli svekka. I norske levekårundersøkingar blir det ofte lagt vekt på at dei som bur aleine ofte kan hamne i denne gruppa, men ein faktor som og må takast med er einsemd, men det er viktig å huske at ikkje alle som bur aleine har eit lite sosialt nettverk. Dersom det er eit ufrivillig fenomen, reduserar enkelt individ sin sosiale velferd. I Noreg blir sosial eksklusjon sett på som ”en innskrenkning i et fullverdig medborgerskap, da spesielt sosiale borgarskapsrettigheter, eit ufullstendig medborgarskap”, ein må realisere rettigheitar ein har i samfunnet og kunne bruke sine ressursar (Andersen, 2001a i Halvorsen, 2002. s. 158-159). Dette er også noko som viser tilbake til Durkheims arbeid, sosial og verdimeisig isolasjon frå det øvrige samfunnet (Halvorsen, 2002. s. 159). Det er noko som ligg utanfor individets rekkevidde.

Mangel på eit sterkt og stabilt sosialt nettverk kan føre til einsemd - individets subjektive følelse av å stå utanfor det sosiale fellesskapet. Dette kan ofte føre til depresjon, lengsel og usikkerheit – eni blir framand for verden og omgjevnaden (Halvorsen 2002. s. 172). Dette saman med følelsen av å ha nokon som er der for ein, men at ein ikkje kjenner personen. Å vere sosialt isolert vil vere å ikkje ha kontakt med venner og familie eller besøk frå naboar. Konsekvensen av dette er ein livskvalitet som består av lav tilfredsheit og aukande sjanse for livsstilssjukdomar og psykiske lidingar, når ein i tillegg ikkje har eit støttande sosialt nettverk til å meistre desse følelsane kan dette gi eit dårleg utfall (Halvorsen 2002, s. 174-175).

### **3.2 Migrasjonsprosessen:**

Migrasjonsprosessen er prosessen frå ein tenker på å reise får landet, til ein har kome fram til opphaldsplassen. Dette er ei lang og utfordrande reise. Ein tapar sosialt nettverk, venner, naboar og i nokre tilfeller familie, også umiddelbar gratifikasjon blir tapt – at ein kan helse på folk som ein kjenner igjen på gata. Ein har ikkje lenger eit fellesspråk som ein kan kommunisere på og den kulturelle identiteten blir tapt og ein tapar opparbeida utdannings- og yrkeskompetanse om den ikkje er gyldig i Noreg. Det er ein vanskelig prosess å vite at ein har mista noko som ein veit eksisterar (Skytte, 2010 s. 129).

Den største grunnen til at personar flyktar er på grunn av krig og uro i heimlandet, i store trekk er også dette grunne for at einslege mindreårige og reiser til nye land. Øien (2010) har gjennom sin studie undersøkt kvifor barn vel å reise aleine. Majoriteten av ungdommane sa at

det var ei avgjering som blei tatt av nær familie, ofte med tanke på å gi barna ei god framtid, med utdanning og økonomisk sikring. I nokre tilfelle var og ungdommen med å bestemme sjølve, og i andre tilfelle blir dei fortalt at dei skal på ferie eller ein blir kidnappa (Øien, 2010. s 38-39). Men slik som alle andre val i livet er dette komplekse grunnar som fell til avgjering for å migrere, både alder, kjønn, sosiokulturell bakgrunn og kven foreldra ser på som kan klare seg best i det landet dei kjem til (Øien 2010, s 40).

Det er ikkje berre flukt og krig som blir fortalt om når ungdom fortel om sine migrasjonsreiser. Dei lengtar etter eit godt liv, kjærleik og å kunne bli godtatt av andre menneske. Flukta er full av både gode og dårlege erfaringar om både nye nettverk og voldelige erfaringar. Dei fleste ser på einslege mindreårige at dei flyktar frå noko, men kanskje dei også flyktar til noko - noko som er betre enn det dei hadde i første omgang.

I følge justis og beredskapsdepartementet (St. meld. nr 27, (2011-2012), har dei også same forklaring på kvifor barn reiser i frå heimlandet; at det er eit resultat av økonomisk og politisk ubalanse, men ein auke i levestandard, og rask utvikling i transport og informasjonsteknologi. Mange reiser fordi dei har eit beskyttelsesbehov men og fordi ein søker etter ei betre framtid med moglegheit for høgare levestandard og utdanning.

### **3.3 Sosialt nettverk**

Eit sosialt nettverk er relasjonar mellom individ, og er ein eigen levekårsvariabel (Fyhn og Dahl, 2000). Det eit relativt varig nettverk som består av uformelle relasjonar mellom menneske. Individuelle nettverk er dei menneske som ein har personlege relasjonar til, som venner, familie eller medstudentar, og det kontekstuelle nettverket er dei uformelle relasjonane som ein har til felles med andre menneske som er i same omgivelse som ein sjølv (Schiefloe, 2003, s. 347-349). Det er og vist at gode sosiale relasjonar ev avgjerande for menneskets livskvalitet og helse (Fyrand 2005, s.19, Bø og Schiefloe, 2007, s. 106).

Schiefloe har utvikla ein modell, det sosiale behovstriangelet. Han har tre tilstandar som er ynskjelig å oppnå, at ein føler seg trygg, at ein har mening i tilværet og at ein føler tilhøyring både sosialt, kulturelt og familiemessig. Dette må vere samtidig som ein har eit fellesskap som ein har stabil kontakt med, at ein får anerkjenning av andre og ei forståing av kva forhold som påverkar tilværet til kva enkelt person (Fyrand, 2005. s. 38). Det å ha eit

fellesskap gir ein meiningsfull kvardag og, skape struktur i kvardagen og forutsigbarhet. Det er faktorar som er viktige å ha i prosessar der ein elles er underlagt, økonomisk, sosialt og kulturelt (Bø og Schifloe, 2007).

Det er styrkande å ha eit nettverk med høg nettverkstettleik når ein er i større miljø. Personar ein kan ha personleg relasjon til og stole på er viktig, enkeltrelasjonar har stor tryggleik og er eit støtteapparat for enkeltindivid. Det å kunne ha ein eller fleire personar ein mottar støtte og råd frå både i kvardagslige bekymringar og i vanskelege periodar er ein god buffer mot stress, og er avgjerande for livskvaliteten til menneske. Det er med på å skape meisting i tilværelsen, god trivsel, god helse, livslengde og førebygge psykososiale problem (Bø og Schiefloe, 2007. s, 100).

Utan eit sosialt nettverk, eller gode relasjonar til andre viktige personar kan opplevinga av einsemd og avmakt bli ein følelse som tek stor plass i livet. Brot på slike relasjonar og tap av viktige andre kan skape sorgreaksjonar og depresjon. Når dette varer over lengre tid, er støtta i eit sosialt nettverk avgjerande slik ein ikkje taper sjølvverd og livsmot (Bø og Schiefloe, 2007. s, 102). Det handlar mykje om den subjektive kjensla til menneske, og kven dei har rundt seg til å kunne støtte på gjennom vanskelege livsperiodar.

### **3.3.1 Bronfenbrenners sosialøkologiske utviklingsmodell**

Modellen viser til korleis forhold er gjensidige og avhengige av kvarandre med på å påverke individets utvikling og sosialisering (Fyrand 2005, s. 45). Eg trekker inn denne modeller fordi den er sentral i forhold til korleis levekårsvariabelen sosialt nettverk er med på å påverke einslege mindreårige asylsøkarar. Den beskriv korleis barn blir påverka av erfaringar og hendingar i livet, og er delt inn i fire nivå; mikro, meso, ekso og makro.

Mikrosystemet består av det individuelle nettverket, familie, venner og nærmiljøet. Det er miljøet som barnet er i til dagleg, og personlege relasjonar med ansikt-til-ansikt-kontakt. Innan her har vi system som vi kan velje og nokon som er tilskrevne. Familie og bomiljø er døme på tilskrivne arena, men barn kan sjølve velje venner og fritidsaktivitetar (Fyrand, 2005. s, 46). Her vil det sosiale nettverket skje gjensidig påverknad og dette systemet har stor innverknad på barns helse og utvikling.

Mesosystemet ligg på eit nivå over, her er fokuset på samspelet mellom ulike miljø og arena, det er fleire mikrosystem til barnet som er samla. Dette kan vere mellom ulike nettverk, individuelle, kontekstuelle eller system. For barn er det viktig at personar innan dette systemet kjenner kvarandre og at det er overlapping i det sosiale nettverket. Dette er med på å skape ein tryggleik for barna (Fyrand, 2005. s. 47). Denne samanhengen mellom system kan vere like viktig som kvaliteten i mikrosystem.

Ekosystemet er ein arena der ein person sjeldan eller aldri sjølv er, men som har indirekte påverknad på barn eller personar rundt. Dette kan vere korleis viktige personar som er rundt barna, eller politiske beslutningar i nærområdet.

Makrosystemet er den ytre sirkelen i systemet, og er verdiar, tradisjonar, klassestruktur, verdiar og økonomiske forhold i samfunnet, slik som grunnleggande ideal og lovverk som er grunnleggande for alle i som lever i same samfunn. Alle desse systema er med på å påverke kvarandre gjensidig til ei kvar tid.

### **3.4 Buforhold**

”Selv om vi ikke tenker på det, er det å ha et sted å bo, et hjem, et sted du disponerer som ditt eget, helt grunnleggende for den enkelte” (Brodtkorb og Rugkåsa et al, 2007. s 71).

Inge Bø (1993) skriv at miljø er viktige faktorar i sosialisering og trivsel, og faktorar i miljø kan vere fysisk, sosialt og kulturelt. Fysisk miljø er det omgjevnadane som er i fokus, korleis bygget er, naboane, geografi. Det sosiale har eg vore inne på tidlegare med nettverk, og kulturelt er korleis tradisjonar, verdiar og kulturkodar er i handlinga mellom menneske (Bø, 1993. s, 21).

Oppleving av tilknytning til bustad viser seg til om ein trivast der ein bur. At menneska har ei oppleving av dårleg bustadstandard kan føre til ei oppleving av avmakt og fortvilelse. Dette kan vere faktorar som bukvaliteten, innemiljø, om ein bur trangt eller korleis forholdet rundt bustaden er. Ein konsekvens av dette kan vere at barn har problem med å kunne sette seg aleine, med tanke på lekser eller at ein ikkje ynskjer å ha med seg vennar heime, som igjen kan bli eit hinder for det sosiale nettverket, både til barn og ungdom (Paulsen, Magnus, Kittelsaa og Høyland, 2012. s.11). Det å ha tryggleik til bustad og nærleikområde er viktig. Ein heim har ein symbolsk verdi som ein identifiserar seg med og er eit middel for å kunne

oppnå samfunn- og sosial deltaking. Den har ein dynamisk livsførsel som knyter møte mellom individ og samfunn (Brodtkord og Rugkåsa (red), 2007, s, 74).

Ein bustad har fleire faktorar med seg, det er i følge Brodtkorb og Rugkåsa (red, 2007) ein identitets- og tryggleiksarena. Ein sett sitt eige preg, innreier slik ein vil ha det og viser til gjenstandar som har meining i eige liv. Det symboliserar og sosial status, det er noko som er ens eige, noko som ein sjølv har tilgang på til ei kvar tid, samtidig som det er ein sosial arena (Brodtkord og Rugkåsa et al, 2007. s74-75, Paulsen, Magnus, Kittelsaa og Høyland, 2012. s 17).

Måten menneske bur på symboliserar det sosiale, kulturelle og den økonomiske plasseringa i samfunnet. Dette er eit val alle tek meir eller mindre bevisst når ein skal finne seg bustad, saman med den økonomiske vurderinga til kvar enkelt. Bustaden har mange funksjonar og er meir enn berre ein heim. Den seier og kvar du bor og korleis du bur ut i frå adresse, den gir deg ein tilhørigheit i samfunnet og kan assosierast med sosial status, i forhold til kva område ein bur på og kan ein bli tilskriven eigenskapar som ein forbindar med andre som bur i same område (Brodtkord og Rugkåsa et al, 2007. s 18-19).

Sjølv om heimen for dei fleste er ein trygg plass, der ein kan trekke seg tilbake og kvile er det ikkje slik for alle. For nokre kan det og bety einsemd, sosial isolasjon eller uvisse om kva som skjer nest. Det kan skjule seg både psykisk og fysisk vold, eller misbruk, slik det blir eit plass der ein ikkje kan slappe av (Brodtkord og Rugkåsa et al, 2007 s.20).

### **3.5 Politiske dokument**

Stortinget har og hatt fokus på korleis levekår påverkar menneske. Helse og omsorgsdirektoratet (Meld. St. 20 (2006-2007) har som mål i stortingsmeldinga *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller* at ein skal betre levekåra for dei som er vanskeligstilte. Justis- og beredskapsdepartementet (St. meld. Nr 27 (2011-2012) har kome med stortingsmeldinga *Barn på Flukt*, denne gir et oversiktlig bilde over omfanget av barn på flukt, og kva tiltak regjeringa vil sette i verk for denne gruppa.

Udiregelverk har og vore relevant og tatt med blant anna rundskriva– *reglement for drift av statlig mottak, krav til arbeid med oppvekstmiljø, beboermedvirkning og aktivitetstilbu for*

*enslige mindreårige i mottak* (RS 2011-003, RS 2012-012) i forhold til krav for bustad og sosialt nettverk.

## **4. Analyse**

Eg vil i denne delen drøfte bustad og sosialt nettverk si tyding av levekår for einslege mindreårige asylsøkarar som bur på mottak. Data eg har funne peikar på at desse variablane er viktige, men og at det er behov for meir forskning på tema. Eg har valt å bruke både masteroppgåver og rapportar i analysen, sjølv om eg er klar over at desse tekstane ikkje har like høg vitenskapelig verdi som ein fagfelleurdert artikkel, fordi dei speglar norske forhold

### **4.1 Analysereiskapar**

Eg har hovudvekta på rapporten til Lidèn et al. (2013) som nyleg har kartlagt og intervjuet både EMA på mottak og dei tilsette. Sjølv om eg bevisst i at denne rapporten er bestilt på oppdrag frå UDI, er den sentral i oppgåva.

Gjennom drøftinga vil eg først vise til korleis migrasjon kan påverke menneske, det er viktig å vite at dei som skal søke asyl i opphaldslandet ofte har reist langt og opplevd mange traumatisk hendingar, sidan dette er noko som pregar ein over lengre tid etter ein har kome til asylmottaket. Ein har i tillegg til dette reist i frå alt og alle som ein kjende, og står på bar fot. Det er rimeleg å tru at desse faktorane vanskeleg kan drøftast kvar for seg, og at det er fleire faktorar som er med i bildet. Sosialt nettverk og bustad er ikkje fullstendige variablar som er med på å påverke, alle er sjølvstendige individ, med eigne historier dei har med seg.

### **4.2 Den lange reisa**

Det er mange grunnar til at EMA reiser aleine til eit nytt land. Som eg viste til i teoridelen er det både frivillig og tvungen migrasjon som ligg bak. Mange har eit håp for å kome til eit nytt land, men nye moglegheiter til både utdanning og eit liv utan konstant frykt.

Konsekvens av å leve under krigsfylte omgjevnader er det stor internasjonal samdom, og i artikkelen til Ryan, Kelly og Kelly (2009) viser dei til forskning på dette område frå dei siste tjue åra. Det ser ut for at det er brei semje mellom forskarar at posttraumatisk stressyndrom, depresjon, søvnevanskar og angst er noko av det asylsøkarar har høgast risiko for utvikle under og etter migrasjonsreisa. I ein del av litteraturen eg har lest om einslege mindreårige asylsøkarar er fokuset på kva utfordringar dei har under flukta, og at ungdommane har få

ressursar når dei kjem til eit nytt land, noko som og er faktisk i forhold til Norske levekårsvariablar. Men desse ungdommane er ikkje svake menneske, det å reise frå alt det kjende dei har, utan familie og ofte utan nære vennar krever mot. Det er sterke og ressursfull ungdom på jakt etter håp om ei betre framtid, slik at dei kan få ei utdanning, ein jobb og kanskje moglegheit til å forsørgje familie i heimlandet. Dei har sett og opplevd krig, ofte mista mange på vegen, men har fortsett på vegen mot eit godt opphaldsland. Det er både ei flukt frå det vonde, men og ei reise på veg til det gode.

#### **4.3 Drift av asylmottak**

Det er tildelingar gjennom statsbudsjettet som skal dekke drift og leige av asylmottak i Noreg, dette blir forvalta gjennom UDI som har avtalar med eigne driftsoperatørar som staten kjøper. Mottak i Noreg er både kommunale og private, av mottak for einslege mindreårige asylsølarar er ni av tolv mottak drivne av private driftsoperatørar. Desse kontraktane har avgrensa lengde, og tal på mottak varierar med tal av asylsøkarar som kjem til landet. Det er ei verksemd som er fleksibel, men som har relativ kort tidshorisont for drift av mottak. I tillegg til tildelingar gjennom statsbudsjettet er det og mogleg å dekke ekstraordinære utgifter med å søke ekstra midlar. For mottak for einslege mindreårige asylsøkarar inneber dette og ekstra midlar til aktivitetar.

#### **4.4 Å bu på asylmottak**

Det er eit frivillig tilbod å bu på asylmottak når ein kjem til Noreg, men det er eit fåtal som ikkje tek i bruk dette tilbodet. Det er ein midlertidig opphaldsplass til dei som søker asyl får svar på søknaden sin frå UDI. Det er lagt opp slik at ein ikkje skal bu over lengre tid, viser det både i undersøkinga til Lidèn et al. (2013) og Lauritsen og Berg (1999). Sjølv om det er stor variasjon i korleis den materielle standarden er på asylmottaka, har alt eit preg av ”nøktern” standard, slik som det står i UDI’s rettleiingslinjer. Opplevinga av å leve på asylmottak er forskjellig frå person til person. Det avhenger av kvar ein har flykta frå, kva helsefaktorar som påverkar den einskilde personen og lengda på opphaldet. Ein av informantane til Kjærnsrød (2010) si masteroppgåve sa ”Det er varmt her inne på mottak, og det er snø ute. Jeg har det fint, men bor ikke her. Jeg venter. Mottak kan ikke være noe hjem for gutter” (Kjærnsrød, 2010. s, 57). Ut i frå studiane tyder det på at ungdommane føler seg innesperra, at det er vaskelig å finne roa i kvardagen fordi alle bur så tett (Lauritsen og Berg, 1999)



#### 4.4.1 Rommet med draumar og tryggleik – men kor lenge?

Dei fleste ungdommane som blei intervjua i rapporten til Lidèn et al. (2013) er stort sett fornøgde med sine egne rom når dei skal vise det fram og fortel korleis dei har det. Romma er utforma enkelt. Med seng, tv og bord og skap som standard i dei fleste mottak. Andre eigendelar som er der, er ofte egne eigendelar som ungdommane har klart å spare opp til sjølv. Dette er noko som er viktig for identitet og trivsel for barn, og det har stor verdi for ungdommane å kunne ha egne gjenstandar slik ein får større eigenkjensle til rommet (Brodtkord og Rugkåsa et al. 2007).

Sjølv om dei fleste ungdommane viser til at dei stort sett er fornøgde med sine egne rom når ein bur der i korte periodar, har ikkje ungdommane som bur i mottak over lengre tid same meining. Når ein blir der over lengre tid, og ein ser venner og kjende komme og reise fordi ein har fått opphald eller ein må reise tilbake, blir det som var ei trygg base heller til å bli noko som er utrygt (Lidèn et al. 2013. s 71).

Samtidig som tryggleik er noko ungdommane sett pris på, er det og då tankane kjem. Dette er og ofte knytt til natta. Når ungdommane skulle vise rommet sitt, viste dei ofte senga og illustrerte seg sjølv tenkande eller trist (Lidèn et al. 2013. s, 122). Dette fordi dei har bekymringar og tankar frå heimlandet eller frå flukta. Mange er redde for å kunne vekke dei ein bur på rom med fordi dei er vakne, og har ikkje moglegheit til å kunne gjer andre ting før ein sovnar som å høre på musikk eller lese.

#### 4.5 Heim eller ein stad å være?

Det kjem igjen i fleire undersøkingar av dei som søker asyl i Noreg at asylmottaket ikkje er ein heim, berre ein bustad. Opplevinga til eit fleirtal av dei som har vore med i undersøkingane er at ein ikkje har noko plass å trekke seg tilbake fordi ein bur så tett innpå andre menneske. Spesielt er dette ei utfordring for dei som bur på mottak over lengre tid (Lidèn et al, 2007. Lauritsen og Berg, 1999, Kjærnsrød, 2010).

Kva skjer med menneske når dette grunnleggande behovet ikkje er oppfylt. Heimen skal vere ein trygg plass, der ein kan trekke seg tilbake og kvile, ein plass der ein kan spegle sin identitet og har tilhøre (Brodtkorb og Rugkåsa, 2007 og Bonnefoy, 2012 ). Heimen er og ein plass for å skape og vise identitet - vi innreiar det slik at vi viser det vi står for og kva vi sett

pris på. Heimen er uttrykk både for kultur, livsstil og sosial klasse og spegla ofte personlegdom. Heimen er noko som skapast av dei som bur der, og der vi blir forma, gjennom minner og erfaring. Eit hus har si eiga sjel, som gir ei eigarkjensle til heimplassen og huset eller leilegheita ein bur i. Noko som og kjem til når det gjeld egne personlege rom. Barn syns det er stas å kunne få vise fram sine egne rom, korleis dei har det og kva ein har. Det viser ein del av identiteten til barna og dei er veldig opptatt av vise dette (Lidèn et al, 2007).

Slik eg tolkar utsegna frå ungdommane kan det vere en samanheng mellom følelsen til rommet ilag med kva tryggleik dei har i kvardagen, spesielt på nattetid då tankane ofte kjem tilbake. Sjølv om det er variasjon mellom kva ein set pris på, å bu aleine eller saman med andre, er tilnytinga til rommet og heimen ein stor del av kvardagen og noko som er heilt grunnleggande for den enkelte (Brodtkorb og Rugkåsa, 2007).

Som tidlegare nemnt er det dei som har budd lenge på mottak, som har meir å utsette på bustaden. Slik eg ser på det vil det og ha med kva subjektiv oppfatning ein har, og kva ein samanliknar seg med. Det ser ut for at når ein først kom til Noreg var asylmottaket ein tryggleik, ein hadde ei seng, eit rom å sove på og tilgang til mat, dei grunnleggande behova var sikra. Når det tek lang tid før svaret frå UDI kjem, eller ein får midlertidigopphaldsløyve og blir buande lenge på mottak, vil ein igjen begynne å sjå kva andre har som lever i samfunnet. Den subjektive følelsen av å ha det godt og trygt vil då gå kunne over til utryggleik og misnøye med materiell standard vil då stå i samanlikning med forhold i Noreg. Miljøet ein bur i blir då ein negativ faktor som spelar inn på trivsel i kvardagen.

Bustad er eit kompleks tema. Det handlar ikkje berre om den fysiske utforminga for ungdommane, men og om kva tryggleik dei har til rommet, og kva det speglar tilbake av eigen identitet. Ein har ikkje moglegheit til å velje kvar ein skal bu når ein kjem til Noreg. Ein blir plassert i eit tilfeldig bustadmiljø, og ofte er desse plassert i meir isolerte distrikt, der ein har mindre moglegheit til å komme seg rundt til daglege gjeremål, og ein blir marginalisert gjennom samfunnets struktur og avgjersle. Ein har og mindre ressursar til å kunne vise eigen identitet gjennom personlege eigendelar, og korleis ein uttrykker identitet og kultur gjennom eigen artefakter. Ein vil ha ein følelse av å ikkje høre heime i bustaden, noko som er ein viktig del av tryggleiken og til å kunne fjerne seg frå stressande utanforliggande faktorar.

## 4.6 Sosialt nettverk på asylmottak

Sosialt nettverk er alle du møter som venner, familie, kjende i nærmiljøet eller dama bak kassa på butikken, ein omgår nokon til ei kvar tid.

Eg vil tru at det er ei menneskeleg erfaring å har vore i situasjonen der ein ikkje kjenne nokon, t.d om ein skal begynne i ny jobb, eller på ny skule. Den følelsen av usikkerheit, og alle tankar som går gjennom ein er like mykje spent som usikker på kva dagen skal gi deg. Korleis er det når ein har flykta frå alt ein kjente, og skal bu i eit heilt nytt land?

### 4.6.1 ”Jeg savner mamma”

Tap av sosialt nettverk er noko som er knytt til sakn. Ein av dei intervjuia i Lidèn et al. (2013) sin rapport sa:

”Jeg snakker ikke med noen andre om dette fordi eg har ikke noen andre her. Av og til er det mange tanker. Jeg er både fornøyd og trist. Jeg savner mamma. Jeg har flyktet frå krig og problemer, men så mangler jeg likevel noe i livet mitt, så derfor er det problemer igjen. Om et halvt år.. da forventer jeg at livet er enda bedre og at jeg ikke trenger tolk lenger. Har et ønske om at jeg og mor kunne levd her sammen. Er bekymret for mamma. Jeg vet ikke hvordan hun har det” (Lidèn et al. 2013. s, 121).

Sitatet over rommar etter mi forståing at fleire av ungdommane har ein kjensle rundt, dei er fornøgd med å ha ein plass å bu, at dei slepp å flykte, men samtidig så er tankane der og saknet. Saknet av nokon som ein ikkje veit om er i live, fordi ikkje alle har kontakt med familie og venner. Det er eit sakn etter noko som ein veit eksisterar, men som ein ikkje har moglegheit til å kunne få oppleve eller besøke igjen.

Eg tenkjer at det er skremmande å ha følelsen av å vere heilt aleine i verden. Ein verden som ein ikkje har forberedt seg på, og som ein ikkje har kunnskap om. Når ein kjem til asylmottaket har ein mange rundt seg som er i same situasjon, men dette nettverket er kun kontekstuel. Det har ikkje same verdien i dei nære relasjonane, men har ein ekstra beskyttande effekt fordi ein har nokon rundt seg. Ofte kan ein tenke at det å ha fleire som er i same situasjon vil gi ei forståing for kva kvarandre går igjennom, men ofte er det slik at ungdommane ikkje snakkar med kvarandre, fordi dei har mangel på tillit på grunn av manglande stabilitet over tid. Det er viktig å kunne skape mening i opphaldet, og bygge ei

forståing frå det som var og det som er no. Ein av ungdommane uttrykke at det er vanskelig å stå aleine, og føle at ein ikkje har nokon som kan vere med å fortelje kva ein skal gjer, eller som kan gi hjelp. Ungdommen beskriv at sjølv om ein har mange rundt seg, så føler ein seg aleine med sine egne bekymringar og opplevingar (Lidèn et al. 2013. s, 124). Mange brukar naturen og kjæledyr som samtalepartnarar, og den religiøse trua (Lidèn et al. 2013. s 135-138).

Mangel på sosialt nettverk er ein belastande faktor for ungdommane,. Ein har ikkje nokon som står ein nær og som ein har full tillitt til, og dette tek ofte tid å bygge opp. Når ein savnar det ein hadde og føle seg einsam kan det føre til tap av sjølvverd, livssmot og trivsel (Bø og Schiefloe, 2007).

#### **4.6.2 Styrking av sosialt nettverk**

Aktivitetar på mottak er eit tiltak for å styrke sosiale nettverk til ungdommane, og er regulert gjennom UDI sitt rundskriv *Krav til arbeid med oppvekstmiljø, beboermedvirkning og aktivitetstilbud for enslige mindreårige asylsøkere* (Udiregelverk, 2013). Målsettinga er at

Mottakets tilrettelegging av oppvekstmiljøet for enslige mindreårige beboere skal bidra til å skape en trygg og meningsfylt tilværelse, der de får framtidshåp, bruker sine ressurser, utvikler evner, anlegg og sosial kompetanse, og opplever mestring. Det skal bidra til å styrke de unges identitet og gradvis selvstendiggjøre dem, slik at de kan ta hånd om eget liv. De skal ha reelle påvirkningsmuligheter i saker som angår dem (Udiregelverk, 2013).

Det står vidare at det skal ”styrke miljøet og fellesskapet på mottaket” og ”styrke den enkeltes livsmesting, både mht. psykisk og fysisk helse, egne val, daglig fungering og sosialt kompetanse” (Udiregelverk, 2013).

Gjennom aktivitet vil ein bli kjend med andre, og få eit tettare fellesskap mellom bebuarane på mottaket, og det skal lagast ein aktivitetsplan. Det er med på å skape meistring for ungdommane og ein kvardag med meining. Fotball er ein aktivitet det er satt stor pris på, og som er ein populær aktivitet. Det skaper band og også ei felles interesse. Det er eit varierende

tilbod frå kommune til kommune om ein kan delta i organiserte lag, då det er satt større krav til nivå i denne aldersgruppa.

Når det gjeld aktivitetar for jenter, er det dans som er mest attraktivt, men det er mange som og etterlyser eit breiare tilbod då det ikkje er alle som likar å spele fotball, og enkelte har fysiske skadar. Eit av tilboda som er ønska er meir kulturelle, som teikning og musikk. Det er og lagt vekt på at ein skal tilrettelegge for kontakt med lokalmiljøet (Lidèn et al. 2013. s, 171). Dette fordi det framstår som vesentlig for ungdommane sin trivsel og velferd i kvardagen. Nærmiljø og samspel mellom ulike miljø og arena som barn og ungdom inngår i, både det individuelle og kontekstuelte er viktig. Dette har og blitt sett på som ei utfordring, då kontakta med menneske utanfor asylmottaket ofte grensar til arrangerte aktivitetar, eller andre som har budd der før. Ikkje alle ungdommar har krefter til å kunne skaffe seg eit stabilt nettverk utanfor, på grunn av personlege traumeerfaringar og behovet for å kunne sikre seg eit stabilt nettverk som ein ikkje må bryte med igjen på grunn av usikkert utfall av søknad om opphaldsløyve.

#### **4.7 Blir det betre?**

Sjølv om desse aktivitetane skal betre det sosiale nettverket ser det ut som at det i mindre grad lykkast i nærmiljøet, sjølv om det er ein viktig arena for å møte andre. Etter mitt syn er det på mottaket det viktigaste nettverket til bebuarane er. Sjølv om fleire rapporterar at dei føler seg aleine, er det har det daglege ansikt til ansikt relasjonane. Men at det er eit viktig nettverk å ha, for å kunne drive med aktivitet som ikkje er knytt direkte til mottaket men på ein anna arena.

Det viser seg og at grad av deltaking på aktivitetar, har mykje å sei om kor lenge den enkelte har budd der. Ofte når ungdom har budd der over lengre tid, har dei fleire psykiske problem, då usikkerheita om kva som skjer vidare er stor. Denne gruppa har og sett mange av vennane dei hadde reise, og det stabile nettverket som ein lengtar etter held ofte ikkje då utfallet på søknadane om opphald er forskjellig, og har forskjellig behandlingstid.

Aktivitetar på mottaket styrkar det kontekstuelle nettverket, og ein har mange som er rundt ein og som er med på felles aktivitetar som er med på å skape meisting og livsmot, som en kan sjå i forhold til mikrosystemet til Bronfenbrenner. Det ser ut som at det er det individuelle

nettverket som er vanskeleg å bygge opp og saknet etter familie og gamle vennar er stort, og resultatet er ofte einsemnd og depresjon, i tillegg til andre traumeerfaringar som ungdommane har med seg. Dei som bur lenge på mottak, trekk seg ofte tilbake når ein har vore der over lengre tid, fordi opplevinga av at folk kjem og reiser ikkje gir stabile, trygge og tillitsfulle relasjonar til andre. Ein kan risikere og miste sin bestevenn på nytt, og konsekvensar av tap av viktige relasjonar er noko dei allereie ofte slit med.

#### **4.8 Korleis påverkar systemet kvardagen?**

Det er lett å tenkje seg at strukturen i samfunnet og nærmiljøet er med på å skape ringverknader heilt til einslege mindreårige sitt system på asylmottak. Resultatet av tildelingar frå statsbudsjettet, rundskriv og regelverk frå UDI er òg med på å påverke levekåra. Tildelingar frå statsbudsjettet blir forvalta av UDI, det er staten som kjøper ulike driftsoperatørar, enten private eller kommunale, som skal drive mottaket. Allereie her vil ein sjå at fleire faktorar er inne, som plassering, pris og lengre på avtalen, i forhold til kvaliteten på bustaden og prioritering på vedlikehald.

Variasjon i bemanning, ressursar til miljøarbeid og kvalifikasjonar til dei tilsette er og ein faktor, som ein kan linje til eksosystemet. Plassering av mottaket, vil gå på miljøet til dei som bur på mottak. Personlegdom til dei tilsette, kva ressursar og kva arbeid desse legg i arbeidet med å vere tilstades for ungdommane, med tanke på samtalar og aktivitet er og med i denne faktoren.

Bronfenbrenners mesosystem har med samspel mellom ulike arena og miljø å gjere. Her vil ein sjå at aktivitetar og samspel med andre arena i nærmiljøet vil kunne bli påverka av plasseringa av mottaket for einslege mindreårige. Ligg det nærme sentrale områder, eller er det plassert litt i utkant, og infrastrukturen i området vil vere ein faktor, i tillegg til økonomien til ungdommane som moglegheiten til å kunne delta på andre sosiale arena er tilstades, eller om det er til ei hindring.

Mikrosystemet er der ein har personlege ansikt-til-ansikt-kontakt dagleg, og her er det eit skilje mellom tilskrevne og frivillige sosiale nettverk. Det er eit fåtal av barn og ungdom som har noko å sei på kvar familien skal busette seg, og kor ein bur er ofte avhengig av økonomi og tilhøring i samfunnet, jamfør det som tidlegare er skrive om bustad. Her er det på same

måte for einslege mindreårige. Dei har ikkje moglegheit til kunne bestemme kvar dei skal bu, men det frivillige valet om kva sosialt nettverk, og kven ein vil omgås med er ikkje frivillig, fordi ein plassert i same arena som andre i same situasjon er i, og ein må finne seg vennar innan eit begrensa område, som ofte blir innan asylmottaket grunn. Om mottaket har ein god aktivitetsplan, og er flinke til å ha aktivitetar som gjer at ein omgås med personar i nærmiljøet, vil ein i større grad ha moglegheit til kunne utvide det sosiale nettverket.

## 5. Oppsummering

Gjennom studiet har det kome fram at det finnes noko kunnskap på korleis bustad og sosialt nettverk er med på å påverke einslege mindreårige asylsøkarar, men etter mitt syn ikkje nok. Levekår er eit komplekst tema, og det er fleire faktorar en sosialt nettverk og bustad som er med å påverke livskvaliteten til bebuarar på mottaket, og dette er berre eit utdrag av kva som er med på å påverke.

Bustad og sosialt nettverk er sentralt i kvardagen til menneske, og sett det i saman med Lièden et al. (2013), Lauritsen og Berg (1999) og Kjærnsrød (2010) sine publikasjonar. Det kjem fram i fleire av tekstane at ungdommane saknar det gamle sosiale nettverket og heimen sin, og at dei ikkje føle noko tilhøyre til mottaket, særleg dei som har budd på mottak lenge.

Ungdommane saknar det sosiale nettverket, både vennar og familie, spesielt sistnemnde. Dei sit igjen med ei sorg og kjensle av einsamd og føler seg aleine i verden sjølv om dei har menneske rundt meg. Utfordringa i å skape eit nytt nettverk, er ein konsekvens av mangel på stabilt nettverk i flukt perioden, og det stadige utskiftet av bebuarar på mottak. Spesielt lengeverande ungdom har ein kjensle på dette. Levekårsvariabelen sosialt nettverk er viktig å ha for å skape ny vennskap som gir ein kjensle av like relasjonar, meisting, livsmot i kvardagen. Eit resultat av at dette ute blir forsterkar kjensla av einsamd, og gir større risiko for depresjonar i tillegg til opplevingane og saknet etter familien dei har reist frå.

Korleis bustaden er med å påverke levekår for einslege mindreårige, viser seg å gå mykje på tryggleiken og mangel på privatliv til ungdommane, og ikkje på kva private eigendelar dei har sjølve. Her viser det igjen at det er dei lengeverande som har mest å utsetje. Å bu tett innpå andre over lengre tid, skapar mindre trivsel, også redsel for å forstyrre andre når søvnen ute blir er og noko dei bemerkar. Fleire fortel også at dei ikkje ser på bustaden som ein heim, men

som ein plass å vere inntil vidare, Asylmottaket skal ver ein midlertidig plass å bu, men etter som fleire blir buande lenge i vent på svar av søknaden, fortel ein av informantane til Kjærnsrød (2010) at det ikkje er ein god plass; ”Det er varmt her inne på mottak, og det er snø ute. Jeg har det fint, men bor ikke her. Jeg venter. Mottak kan ikke være noe hjem for gutter” (Kjærnsrød, 2010. s, 57).

Gjennom Schiefloe sin modell for sosialt behov, det tryggleik, meining i tilværet og sosial og kulturell tilhøyre skapar god livskvalitet, er det etter mitt syn gjennom tolking av utsagn og teori faktorar ofte manglar hos ungdommane, og at det utviklingspotensiale for forbetring som både må settast inn på mottak, og retta mot sjølve ungdommane med og at politiske endringar kan ver med på å forbetre dette. Dette kan ein sjå saman med Bronfennbrenner sin modell. Han har fokuset på heile det sosiale og samfunnsmessige systemet som både direkte og indirekte er med på å påverke menneskets livskvalitet. Endringar i politiske retningslinjer og økonomiske midlar vil ha ein ringverknad til mot einslege mindreårige asylsøkarar, og tiltak som blir gjort i forhold til desse variablane vil kunne ha positiv effekt på levekår på mottak.



## 6. Litteraturlise:

Barnevernloven. (1992). *Lov om barneverntjenester av 17. Juni 1992 nr. 15*. Henta 06.05.13 frå [http://lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/all/nl-19920717-100.html&emne=barnevern\\*&&](http://lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/all/nl-19920717-100.html&emne=barnevern*&&)

Bonnefoy, X, (2008). Inadequate housing and health: an overview. *Int. J. Environment and Pollution*, (Vol. 30, Nos. 3/4). Henta 15.04.31 frå [http://www.euro.who.int/\\_data/assets/pdf\\_file/0017/121832/E90676.pdf](http://www.euro.who.int/_data/assets/pdf_file/0017/121832/E90676.pdf)

Brodtkord, B. Rugkåsa, Døving, Nyström, Ulfrstad, Hansen og Øverås, Woll. (2007). *Under tak – mellom vegger. Perspektiver på boligens betydning i velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S

Bø, I. (1993). *Folks sosiale landskaper. En innføring i sosiale nettverk*. Otta: Engers Boktrykkeri A/S

Bø, I og Schiefloe (2007). *Sosiale landskap og sosial kapital. Innføring i nettverkstenkning*. Oslo: Universitetsforlaget

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Eide, K. (Red). (2012). *Barn på flukt*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S

Frønes, I og Strømme, H. (2012). *Risiko og marginalisering. Norske barns levekår i kunnskapssamfunnet*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S

Fyhn og Dahl (2000). *Mot en tredjegenesjons levekårsforskning: livsløp, inntekt og levekår*. Henta 20.04.13 frå <http://www.nb.no/nbsok/nb/7b249b25eb370dc9ecd1fb3a09c1f916#8>

Fyrand, L. (2005). *Sosialt nettverk. Teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.

Grønningsæter og Nielsen, 2011. *Bustad, hele og sosial ulikhet*. (Henta 01.05.13 frå <http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/bolig-helse-og-sosial-ulikhet/Publikasjoner/bolig-helse-og-sosial-ulikhet.pdf>

Halvorsen, K (2002). *Sosiale problemer. En sosiologisk innføring*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Hansen. (2007). *Bolignormer, helse og velferd. Drøfting av bolignormer, og deres grunnlag og roller i boligpolitikk og planlegging*. (SINTEF A4233). Henta 29.04.13 frå <http://www.sintef.no/Publikasjoner-SINTEF/Publikasjon/?pubid=SINTEF+A4233>

Hansen, I og Leshner-Nuland, B., 2011. *Bolig og oppvekst. Konsekvenser av å vokse opp under vanskelige forhold*. (FAFO-rapport 2011:16). Henta 31.04.13 frå [http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Rapporter/Bolig\\_og\\_oppvekst\\_Faforapport.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Rapporter/Bolig_og_oppvekst_Faforapport.pdf)

Høgskulen Stord/Haugesund. (2012). *Oppgi kilder, skriv sitater, lage litteraturliste*. Henta 20.04.13 frå [http://www.hsh.no/biblioteket/studiestotte/kildebruk\\_og\\_referanselister.htm](http://www.hsh.no/biblioteket/studiestotte/kildebruk_og_referanselister.htm)

Jacobsen, D. (2003). *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Lauritsen og Berg (1999) *Mellom håp og lengsel – å leve i asylmottak*. (Sintef-rapport, STF38 A99508). Trondheim: SINTEF Teknologiledelse

Lidèn, H., Ketil, E., Hidle, K., Nilsen, A.E. og Wærdahl, R. (2013). *Levekår i mottak for enslige mindreårige asylsøkere*. (Institutt for samfunnsforskning rapport 2013:3). Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Nasjonalbiblioteket, 2000. *Mot tredje generasjons levekårsforskning : livsløp, inntekt og levekår*. Henta 18.04.13 frå <http://www.nb.no/nbsok/nb/7b249b25eb370dc9ecd1fb3a09c1f916#0>

UDI (2013). *Om UDI*. Henta frå <http://www.udi.no/Om-UDI/>

UDI (2010). *Om UDI*. Henta 30.04.13 frå <http://www.udi.no/Om-UDI/>

UDI (2010). *Einslege mindreårige asylsøkarar*. Henta 14.04.13 frå <http://www.udi.no/Nynorsk/Beskyttelse-asyl/Einslege-mindrearige-asylsokjarar/>

UDI (2012). *Asylsøkarar fordelt på statsborgarskap 2012*. Henta 18.04.13 frå <http://www.udi.no/Oversiktsider/Statistikk-og-analyse/Statistikk-/Asyl/Asylsoknader-fordelt-pa-statsborgerskap/Asylsoknader-fordelt-pa-statsborgerskap-2012/>

UDI (2012). *Årsrapport 2012*. Henta 18.04.13 frå <http://www.udi.no/Global/UPLOAD/Publikasjoner/Aarsrapport/2012/Aarsrapport2012.pdf>

UDI, u.å. *Einslege mindreårige asylsøkarar*. Henta 30.04.13 frå <http://www.udiregelverk.no/no/emner/asylmottak/drift-av-ordinare-mottak/enslige-mindrearige-asylsokere/>

Udiregelverk. (2011). *Reglement for drift av statlig mottak*. (RS 2011-003). Henta 13.04.13 05.04.13 frå <http://www.udiregelverk.no/no/rettskilder/udi-rundskriv/rs-2011-003/>

Udiregelverk. (2012). *Krav til arbeid med oppvekstmiljø, beboermedvirkning og aktivitetstilbud for enslige mindreårige i mottak*. (RS- 2012-012). Henta 16.05.13 frå <http://www.udiregelverk.no/no/rettskilder/udi-rundskriv/rs-2012-012/>

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 27 November 1998*. Henta 10.05.13 frå [http://www.lovdatab.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/all/nl-19980717-061.html&emne=oppl%E6rings\\*&&](http://www.lovdatab.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/all/nl-19980717-061.html&emne=oppl%E6rings*&&)

Paulsen, V. Magnus, E. Kittelsaa, A. og Høyland, K. (2012). *Barn, bustad og nærmiljø*. (Rapport 2012, Mangfolk og inkludering) Trondheim: NTNU samfunnsforskning

Regjeringa, (2009). *Sentrale begrep*. Henta 30.04.13 frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/integrering/midtspalte/sentrale-begreper.html?id=566423>

Skytte, S. (2008). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S

St. Meld. Nr 20 (2006-2007). *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller*. Oslo: Helse og omsorgdepartementet.

St. Meld. Nr 27 (2011-2012). *Barn på flukt*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet.

Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S

Øien, C. (2010). *Underveis – en studie av enslige mindreårige asylsøkere*. (Fafo-rapport 2010:20). Oslo: Forskningsstiftelsen Fafo.

## Vedlegg

### 1 Søkelogg

Dato	Søkeord	Database	Treff	Merknad
08.04	Levekår	Bibsys	816	Levekår i mottak for enslige mindreårige asylsøkere.
08.04	Asyl*	Bibsys	314	Asylsøker : i velferdsstatens venterom / Marko Valenta og Berit Berg (red.) Barn åpå flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger
08.04	Asylsøkere	Bibsys	189	Underveis : en studie av enslige mindreårige asylsøkere
15.04		Litteraturliste		Inadequate housing and health: an overview. Int. J. Environment and Pollution,
20.04	Risiko og marginalisering	Bibsys	4	Funnen gjennom anna litteraturliste; risiko og marginalisering
20.04	Barn og levekår	Bibsys	113	Bolig og oppvekst : konsekvenser av å vokse opp under vanskelige boforhold
20.04	Asylmottak (master og doktorgrad)	Bibsys		Jeg har en annen drøm..." : en studie av enslige mindreårige asylsøkeres opplevelse av å leve i asylmottak i Norge
26.04	Forfatter: Inge Bø og Nettverk	Bibsys	18	Folks sosiale landskaper Sosiale landskap og sosial kapital Barnet og de andre : nettverk som pedagogisk og sosial ressurs
05.05	Bolig og velferd	Bibsys	33	Under tak – mellom vegger. Perspektiver på boligens betydning i velferdsstaten